

Ansok

Legg turen til idylliske Ansok i Liabygda og opplev fantastisk utsikt over Storfjorden og fjella.



Parkering



Turveg - gul



Rullestol



Barnevogn



Sykkel




Utkikkspunkt



Rasteplass



Snu



TURKORT!

Turkort er ein serie minifaldarar om gode turmål gitt ut av Sunnmøre friluftsråd. Dette turkortet er trykt i 2017.

 Sunnmøre friluftsråd

Ansok

Turen til Ansok er ein enkel tur som passar både for dei med motorisert rullestol og med barnevogn. Ruta går fram og tilbake på same veg. Turen er på totalt fire kilometer og har ei stigning på om lag 120 høgdemeter.

Du kan parkere ved den gamle møbelfabrikken på Ringset. Den ligg på venstre side av fylkesveg 650 når ein køyrer ned mot Liabygda ferjekai. Start turen ved å følgje fylkesvegen 100 meter oppover og ta av til venstre inn på Ringset bygdeveg. Etter å ha passert ei raud og oransje løe er det slutt på asfalten, men vegen har fast grusdekke heilt fram til Ansok.

Etter ein kilometer passerer du starten på stien mot Ansoksætra og Ansokhornet. Men vår tur følgjer vegen rett fram til Ansok.

Like etter dette krysset kjem du til eit utkikspunkt med fantastisk utsikt over fjorden.

Her er det sett opp fleire benkar og er ein fin stad for å ta ei pause.

Det er svært bratt om ein går heilt ut på berga ved utkikspunktet, så pass godt på om du har med barn.

Ansok er ein av dei gamle fjellgardane i området og den er framleis i drift.

Derfor er det viktig å hugse å lukke grindene du går gjennom og ta omsyn til husdyra og dei som bur der. Hundar skal haldast i band. Slåttemarkane i området er kjende for eit variert artsmangfald.

Gå ikkje ut i graset eller inn på gardstunet, følg vegen som går over i ein gammal gardsveg på oversida av garden og fram til turkassa. Her er ein benk å kvile på og eit utsyn til å miste pusten av.

Parkering og buss

Du kan parkere ved den gamle møbelfabrikken på Ringset. Om du kjem med buss går du av på Ringsetskiftet. For bussruter sjå frammr.no eller ring 177.

Turtips:

www.friluftsradet.no
www.morotur.no
www.godtur.no

Turkorta til friluftsrådet kan lastast ned som pdf-filer frå www.friluftsradet.no

Utgitt med støtte frå:

- Friluftsrådenes Landsforbund
- Møre og Romsdal fylkeskommune



Layout/trykk: Jons Kontor AS




Møre og Romsdal
fylkeskommune



Sunnmøre friluftsråd





Ansok

